



Andreklassingar på besøk hos barnehageungane tysdag. (Foto: Helene Huse Bjørnebøle)

**Dette har vore den store barnehagedagen og Dønhaug Gardsbarnehage markerte han med å halda open dag i tre timar..**

**- Det var, som i fjor, rett og slett for å visa kva vi driv med, seier styrar Helene Huse Bjørnebøle til uskedalen.no.**

Rundt rekna 20 tok i mot invitasjonen frå den nå halvtanna år gamle barnehagen som med sine 24 born ikkje har plass til fleire. Gjestene var både foreldrar, besteforeldrar og folk som ikkje har nokon spesiell tilknytting til barnehagen.

I det strålende veret fekk alle eit fint opphald. Dei vart påspanderte utegrilla karbonadar og fisk samt lappar og kaffi. Og dei fekk høyra om eit spanande prosjekt som skal nå høgdepunktet 2. april. Rugging av påskekyllingar!.

Rugginga var svært vellukka i fjor og ungar og tilsette ventar spent på om det blir like vellukka i år. Alt tyder på at også dei to hanane som er eit resultat av 2008-rugginga og som spankulerar rundt i gardsbarnehagen ser fram mot det som skal skje!

Av Ola Matti Mathisen



Korleis går det med ruginga? (Foto: Helene Huse Bjørnebøle)